



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/41-33

19. februar 2019

Tildeling av skjønstilskot etter flaum i 2018 til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vi viser til brev av 10.12.2018 med søknad om skjønstilskot etter flaum 14. og 15. oktober 2018. Departementet har handsama søknaden, og tildeler Sogn og Fjordane fylkeskommune 52 mill. kroner i skjønstilskot i kompensasjon for skadar etter flaumen.

Departementet kan gi skjønstilskot som ein delvis kompensasjon for utgifter knytt til handteringa av den akutte krisesituasjonen, og til reparasjon av fylkeskommunal infrastruktur. Ved berekning av kompensasjon, legg departementet til grunn at fylkeskommunar som har kostnader som i sum går over 250 kroner per innbyggjar, kan få delvis kompensert utgiftene. Departementet vil i kvar enkelt sak vurdere storleiken på kompensasjonen.

De har søkt om å få kompensasjon for kostnader på 80 mill. kroner. Departementet vil dekkje i overkant av 60 prosent av dei berekna kostnadene til fylkeskommunen etter flaumen, til saman 52 mill. kroner. Kompensasjonen blir utbetalt saman med det ordinære rammetilskotet i mars 2019.

De må sende dokumentasjon til departementet som viser at tilskotet er brukt i tråd med følgjande kriterium for tildeling:

- Utgiftene som blir dekt skal vere ekstraordinære fylkeskommunale utgifter, og ikkje utgifter til normalt fylkeskommunalt vedlikehald.
- Utgiftene skal ikkje bli dekt på annan måte, gjennom forsikring eller gjennom andre statlege etatar.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar
Hanne Thonstad
22 24 72 59

- For investeringar skal ein leggje til grunn ei tilbakeføring til opphavleg nivå, og ikkje ei standardheving.
- Utgifter til førebyggjande tiltak skal ikkje reknast med i berekningsgrunnlaget for kompensasjon.
- Meirverdiavgifta skal trekkjast ut av berekningsgrunnlaget

Dokumentasjonen skal vere bekrefta av revisoren til fylkeskommunen og tatt i mot av departementet før 15.03.2020.

Fylkeskommunen må betale tilbake tilskotet til departementet dersom tilskotet ikkje blir brukt, tilskotet ikkje blir brukt til føremålet, eller etter kriteria for tildeling.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Hanne Thonstad
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar